

KYRKJEBLADET

65. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 5/2011

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 20



Jubileumsfeiring på Stamnes Side 6 - 10

Per Småbrekke Side 4-5

Kyrkjeøkonomi Side 14-15

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: jorunn@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: KORskulen i Vaksdal med borna frå Stamnes i fri utfolding under feiringa av Stamnes kyrkje sine 150 år.

Du krye kyrkjelyd,

du dyktige dugnadsdame og mann, du arbeidsomme nemnd, du trufaste kyrkje, du flotte bygd, du unge kor, du proffe prolog, du hendelse!

Det er lett å la seg rive med når ein får ei slik flott feiring som på Stamnes. Kall meg gjerne ugild, men Stamnesbygda og Stamnes kyrkja er mi, mi, mi!

Lat alle sjå, lat alle gleda seg med oss! Me tok imot gjestar frå heile kommunen og «landet forøvrig», og fekk ei storslått men samstundes høveleg lågmælt feiring. Kyrkja var ikkje målet, kyrkja var middelet. Kyrkjelyden overlever kyrkjebygget, det må me hugse.

Det er kunnskap me vil få bruk for i framtida.

I 2025 er Eidsland kapell 100 år. Gled dykk!

Kyrkjebladet ynskjer alle lesarane ei signa advents- og juletid, og alt godt for det nye året.

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme:

www.kyrkja.no/bjorgvin

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. mars 2012.



Biskop Halvor Nordhaug.

Guds ord og Guds kroppsvarme

Det er ikkje alltid sant at ”taushet er gull”. Nokre gonger kan det vere øydeleggjande å ikkje seie noko. Dersom det lenge blir stille mellom to vener, er som regel vennskapen i krise. Og dersom nokon vi er glade i knip munnen saman, tenkjer vi fort at noko er galt. Kjærleiken treng ord, gode ord.

I jula feirar vi at Ordet frå Gud er kome til oss. Gud har noko på hjarta, han vil oss noko. I Maria si liv-mor skjedde det at ”Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.” (Joh 1,14). Gud grip ordet og han gjer det gjennom snikkarsonen Jesus frå Nasaret. Slik Jesus er, slik er Gud.

Gud knip ikkje igjen munnen. Vi treng ikkje lure på kva han tenkjer om oss, men kan høyre kva Jesus seier: *“For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.”*

Jesus går ikkje lenger rundt slik at vi kan sjå og høyre han. Men han er hos oss framleis, og ordet hans er nær kvar og ein av oss i Bibelen. Ja, det går faktisk an å seie at orda hans no er komne oss endå nærare. I år har vi nemleg fått ei ny bibelomsetjing. Det er ei stor og gledeleg hending. La denne boka bli årets julegåve!

Det kan vere vanskeleg når kjende og kjære bibelord blir omsette på nye måtar. Då den fyrste nynorsk-bibelen kom i 1921, skal det visstnok ha vore ein eldre mann som sa: ”Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?”

Guds ord må likevel stadig omsetjast på nytt, dersom det skal kome nær oss og røre ved oss. Språket vårt er heile tida i endring. Ord som tidlegare kunne fungere, gjer det ikkje lenger. Medan det eksempelvis tidlegare stod om kyrkja at den var Kristi ”lekam” (1 Kor 12), står det no at den er Kristi ”kropp”. Dette er kanskje den viktigaste endringa i den nye omsetjinga. Mens ”lekam” er noko daudt og abstrakt i øyro våre, er kroppen levande kjøt og blod.

Når kyrkja blir Kristi ”kropp” blir linja trekt endå klarare til jula. Slik Jesus var ein fysisk og levande kropp som møtte menneske sine kroppslege behov, skal også vi i kyrkja vere ein fellesskap der menneske kan kome med heile livet sitt og kjenne noko av Guds eigen kroppsvarme. Måtte mange menneske i Bjørgvin få oppleve kyrkja på denne måten!

Eg ønskjer dykk alle ei glad og signa jul!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Slutt med sokneråd etter 54 år!

I heimen til Per og Lise-Lotte Småbrekke i Bergsdalen er ein lang epoke over no, då dei for fyrste gong sidan 1958 ikkje har noko soknerådsmedlem i huset.

Men avslutninga er heldigvis friviljug; ingen av dei ynskte å vere kandidat til soknerådsvalet i haust. Og etter så lang teneste i soknerådet er vel ikkje det så rart?

Dei fyrste åra kyrkja var ny, frå 1955 til 1958, hørde Bergsdalen inn under Evanger sokn. Anders Fosse var Bergsdalen sin representant i soknerådet der. Då Bergsdalen fekk eige sokneråd i 1958 var Per sin far Eirik I. varamann, men vart fast medlem grunna ein annan sin sjukdom. Frå 1962 til 1973 var mor Borghild med i soknerådet. Så vart Per valt inn i det neste soknerådet, som det yngste soknerådsmedlem som har vore i Bergsdalen. Han var medlem frå 1974 til 1993, og så frå 2002 til 2011. Lise-Lotte kom til dalen i 1979, og var soknerådsmedlem frå 1994 til 2001. Anten Per eller Lise-Lotte har vore leiar i soknerådet dei aller fleste av åra dei har vore med, og har hatt mykje nytte av deira felles røynsle i denne tenesta, seier dei. Men det å vere i soknerådet og sitje som leiar for det fall ikkje naturleg for Per, seier han.

- Dette vart ei stor utfordring for ein som ikkje var van med administrasjon og papirarbeid. Det var heller ufriviljug at eg vart leiar i si tid, men etter kvart har eg då fått litt røynsle i den oppgåva og lært mykje. Lise-Lotte fortel at ho kvidde seg for å delegere for mykje av oppgåvene sjølv om ho då fekk

mykje å gjere, for ho visste at dei andre i rådet og hadde mykje å gjere utanom. Men det er trivelege og flinke folk dei har fått vere saman med i sokneråda, seier dei, og det er lett å vere leiar for så innsatsviljuge folk! Soknerådsmøta har vore gode, seier Per, og særleg dei siste 10 åra har me vore eit stabilt og godt team. Dei uformelle samtalanene under matøkta har vore særskild fine.

Korleis har det seg at de har vore med så lenge i soknerådet?

- Me har sett kor viktig det er med det kyrkjelege arbeidet. Som kristen er det viktig å engasjere seg, mellom anna er det viktig for eins eige trusliv. Til dømes fekk me trening ved å førebu og halde andakt på soknerådsmøta. Då vart me utfordra til å nytte tid på, og arbeide med, bibelteksten. På det viset fekk me noko attende og. Me kjenner det som å vere i den tenesta Meisteren sjølv kalla til, og som me mellom anna på dette viset har svarta ja til.

- Det har vore meiningsfylt å få arbeida tett på andre menneske der me saman, men gjennom ulike arbeidsoppgåver, har fått vera med i kyrkja si hovudmålsetjing: Å spreia evangeliet ut til menneska. Og me har fått fylgja utviklinga i kyrkja innanfrå, både sentralt og i kyrkjelydsarbeidet her lokalt. Lise-Lotte og Per har og sett på det som viktig å ha kontinu-



Lise-Lotte og Per Småbrekke i Bergsdalen.

itet i soknerådet. - Det er mange i Bergsdalen som har vore fleire periodar i soknerådet, seier dei, for innbyggjarane har generelt sett vore veldig flinke til å stille opp. Slik dei og gjer det når det er dugnad.

Det har vel ikkje berre vore lett å sitje i rådet?

Arbeidet i soknerådet har vore både strevsamt og gjevande, seier Lise-Lotte og Per.

- Møteveker om haustane kom i stand etter initiativ frå Inge Chr. Meidell i 1986. Det låg mykje arbeid bak desse møtevekene, mellom anna med å skaffe nye songkrefter for kvar dag, men det var godt å få ha slike møter her i dalen. Etter kvart vart denne møteveka korta ned før ho til slutt vart heilt borte.

- Det har og vore fint å få

bli kjent med prestane som har gjort teneste i soknerådet. Der har me blitt kjent med dei på ein litt anna måte enn berre i gudstenestene. I møta våre har me møtt presten som menneske, ikkje berre som prest.

- Førebuing og gjennomføring av jubileet i 2005 var og kjekt, seier Per. Eg er ein praktiskar, og likte å få vere med på å bygge om kyrkje-trappa til ei meir universell utforming. Det var lett å få ja då me spurte folk i dalen om å vere med, og me hadde mange trivelege arbeidsdagar i dette arbeidet. Mellom dei mange gode arbeidsfolka var Asbjørn Berge, med sine gode kunnskapar og store arbeidsiver. Nemnast kan og Edvard Kleven som laga rekkverket til den nye trappa. - Godt gjort av ein mann



med berre ein arm!

Arbeidet i soknerådet har vel endra seg med tida?

- I mange år var det ikkje noko kyrkjeleg fellesråd i kommunen. Sokneråda måtte ordne med til dømes vedlikehald av kyrkjene, og tok då direkte kontakt med dei aktuelle etatane i kommunen for å få arbeidet gjort. Lenge hadde ei ordning med eit friviljug og uløna verv som kyrkjevevjerje i sokna, og eg minnest at mellom andre Per Hatlestad var til stor avlastning for meg då han var kyrkjevevjerje. Då fellesrådet vart oppretta i 1980 vart arbeidet lettare, det same gjaldt då Reidun Takvam tok til som sekretær på prestekontoret. Kyrkjevevjerja var i halv stilling frå 1992 og i heil stilling frå 1997, fortel Per. Ein represen-

tant frå kvart sokneråd er med i Vaksdal kyrkjelege fellesråd, og både Per og Lise-Lotte har representert Bergsdalen der. - I fellesrådet har det vore kjekt å få bli kjent med folk frå heile kommunen, folk ein ikkje møtte så ofte elles.

Mange stader har det vore vanskeleg å finne kandidatar til sokneråda. *Korleis er det i Bergsdalen?* - Seinast i år var det gledeleg kor lett det var å få folk til å vere kandidatar; ingen måtte overtalast, seier Per. - Eg tenkte ofte på korleis det vil gå når den eldre generasjonen som trufast gjekk i kyrkja er borte. Difor er det gledeleg å sjå at ein ny generasjon som tek ansvar for kyrkja har vakse fram, seier han til slutt.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe



TÅRNAGENT-helg for 8-åringane i januar

Lat borna oppdage kyrkja, klokketårnet og Bibelen! Det er mellom målsetjingane med Tårnagenthelga, som for andre gong vert arrangert i Vaksdal kyrkje siste helga i januar – frå laurdag føremiddag til etter gudstenesta sundag. Heile 620 kyrkjelydar i Noreg arrangerte Tårnagenthelg i januar i år. På Vaksdal var rundt 20 born med i år. Invitasjonen går ut til 8-åringane i kommunen etter nyttår, men set gjerne av helga allereie no. Elles i landet vil nok dei fleste kyrkjelydane arrangere denne helga i april, men her hjå oss vert det altså i januar denne gongen.

Lese meir om Tårnagenthelga? Sjå her: www.tarnagenthelg.no.

LysVaken

LYS VAKEN for 11-åringane i februar

Neste års 11-åringar i Dale sokn vert invitert til å overnatte i kyrkja fyrste helga i februar neste år. Opplegget vert kalla LYS VAKEN, og er eit arrangement som elles i landet for det meste skjer natt til 1. sundag i advent. 2001-modellane i soknet får særskild invitasjon og informasjon om opplegget like over nyttår. Soknerådet sender denne til dei ein har namn og adresse på. Skulle det likevel skje at nokon i 2001-kullet ikkje får invitasjonen er det fint om dei tek kontakt med Kyrkjekontoret.

Lese meir om Lys vaken? Sjå her: www.lysvaken.no.

Julekort frå konfirmantane

Konfirmantane vil i år og lage og sende julekort til dei eldste i kyrkjelydane. Det er vel til vanleg ikkje for mykje kontakt mellom tenåringane og dei eldste innbyggjarane i kommunen, og vona er at korta frå konfirmantane vil vere ei hyggeleg helsing å få i postkassa før jul. Det er dei som er eldre enn 85 år som får desse julekorta.



Stamnes kyrkje 150 år

Eit bilete seier meir enn tusen ord. Lat prologen til Ingebjørg Dale oppsummere historia til kyrkjestaden Stamnes. La det fargerike minnet, skrive av Annemor Urhaug, gje oss eit glimt frå 75-årsfeiringa til kyrkja. Og lat bileta frå 150-årsfeiringa seie oss kva fellesskap ei kyrkje, som Stamnes kyrkje, kan hjelpe oss å skape.



Jubileumsnemnda for feiringa vart heidra.



Bjørn takkar for gáva frå Frøydis i Nesheim sokn.

I høve Stamnes kyrkje sitt 150-årsjubileum, vil vi seia **HJARTELEG TAKK**

til alle som bidrog og slutta så godt opp om jubileumsgudstenesta og alle arrangement i jubileumsveka! Hjarteleg takk for gode og kjærkomne gáver, praktisk arbeid, medverknad, hjelp og velvilje frá alle hald. De var med og skapte ei samlande og verdig markering av jubileet for kyrkja og det ho står for i bygdene våre.

Stamnes sokneråd



Tale ved prost Arild Hellesøy.



Mange fekk oppleva borna si feiring av kyrkja.



Aldfred sel jubileumsbøker.



Baby- og barnesong.



Silkemåleri laga av Stamnes skule.



Stamnes barnekor.

Prolog til 150-år

Gode tilhøyrar !
Vel møtt ! Ver helsa !

Me samlast i dag for å feira og gle oss
vår vesle kyrkje har åremålsdag !
I kvardag, i høgtid, i glede og sorg
vår tilfluktsstad og vår trygge hamn.
Gjennom hundre pluss femti
har du bore oss fram.

Naturleg det er på ein dag som denne
å skoda attende – ta saga fram.
Om innsats og klårsyn til dei som for før oss,
som planla og sleit
dei som fekk det i stand !

I attenhundre og sekstiein
den tjuande dag i oktober.
Folket seg samla ved samringsbel
til høgtidsstunda, den store
Vigslingshøgmesse i Starnnes sokn
dei kyrkjekledde med salmebok.
Inn i dette rom ,
for ein heilagdom.
Kyrkja i dag me kan skoda.

Kyrkjestaden i Starnnes sokn
syner grunnsteinar to, seier saga.
To kyrkjer på haugen har kneisa her
for vår kyrkje- den tredje sku` reiasat.
På offerstad frå eldgammal tid
mellom Koll og Haareikjæ stod ho
«Kirkia a Stafnnæsi» i kong Øystein si tid
Kvite Krist kom - og træl vart sett fri !

Kvifor Starnnes vart staden der kyrkje vart
reist ?

Ikkje rart når ein kjenner til lendet !
Der fjordar møtest, samlingsstader veks fram,
slik var Starnnes den kjende blant grender.
God lending, rikt omland og velvilje god
hjá bonden i velstand
med tilgang på skog.

I landet si soge eit storchend det var,
då innførd ho vart kristenlæra
og Starnnes sokn vart hjå oss grunnlagt.
Kristenarven me fram skulle bera.

Dagar kjem og går.
Skrifter fortel at «Kirkia a Stafnnæsi»
som kapell under Haus prestegjeld står.

Lander vert råka av ein pest så stor
mange døyr, att ligg aude jord.
Nedover går det for vår vesle kyrkje.
Ved år sekstenhundre
er dei fleste stavkyrkjer i Nordhordland borte.

Lite å finna i skriftlege kjelder
frå saga om planar for bygg nummer to-
Mjeldalskyrkja frå tidleg sekstende hundreår
syner opplegg og form lik den me fekk no-
Folketalet auka, her trongst større rom.



Korskulen i Vaksdal med kantor Tone Synnøve.



Starnnes barnekor.



Barnekor og hjelparar får takk.

100-årsjubileum for Stamnes kyrkje 23. oktober 2011

Refomasjonen var innført med ny altargang. Større plass trongst i koren, trur visst gleda var stor-
I moderne tømmerkyrkje, på kne ved Herrens bord.

Atten alner lang denne kyrkja var, om innhald og eiga syner rekneskap klar: Kalk og disk var av tinn så fin messeklede, altarduk- kanskje av lin? Altarbok og salmebok, timeglas og stakar av jarn
messingbekken i dåpsengelen for skirsling av barn.

Tider skifter, åra går.
Inventarlistar syner at kyrkja store gåver får. Sølvkalk og disk på altaret skin, nye lysestakar med glans så fin. Dei same stakar ber ljøs i vår kyrkje i dag- og dåpsvatn rislar i det gamle kar.

Altartavla frå sytten femti kjær eignaltut – av verdi så stor med lidingssoaga og påskeunderet, frelsesverket Gud gav vår jord. Gildt målarstykke, me ser det enno på plass i kyrkja ved preikestol`n. La auga kvila på gamle tavla for oppattnying og sjelero.

Tilstand for kyrkja vert skildra som god i syttenhundre og tretten. Ny kor, ny klokke og klokkelem, galleri og pengar til pannetak kjem. Tjue riksdalar frå gjevar from. Ingen visste at nedgangstid kom.

Påbod frå Danmark frå Fredrik den fjerde. Nytt lovpålegg er no i gjerde. «Vore Kircher udi vort land Norge» skal leggjast ut for sal. Danmark/ Noreg si krigsgjeld gir kongen stort bal. Innkome på kyrkjosal med tiende og leigebeist skal retta opp vår union. Sjuane august sytten tjuefire: For tjue riksdalar vert Stamnes kyrkje selt på auksjon.

Eigarar skifter, om desse soaga er smal. I sytten syttito vert ho selt til Hermundsdal. Tiåra går – forfall kjem på visitasmøte av atten førtifire seier at ein grove manglar kan sjå. Pålegg eigar å få alt i stand. Ikkje lett å etterkoma for ein enkelt mann.

Folkevilje sterk i grendene veks fram ! Få hand om kyrkja , og setja ho i stand. I atten femtiseks det soknemøte vart og saksang med folkeynsket skaut fart.

På vårtinget , året etter, kyrkjeigar kjem

og vederlagsfritt gir huset frå seg til Stamnes sine tillitsmenn. Ny grunnmur til eit kyrkjehus gir han sokna på same ting, dersom ny må byggjast, då den gamle er ring.

Soknefolket hadde plan og stort mot. Ny kyrkje dei ynskte å reisa. God hjelp visst dei trong frå lovkyndige menn, før dei sigersflagg kunne heisa. Lensmann Veset, ein folkekjær og skrivefør mann, skreiv til prosten for råd å få saka i gang-

Byggeplanen vart oppsett med ynske og mål, om tomtetilhøve , om teikning. Og om tømmerlverking og gåver og lån. Alt var tenkt ut: God sak med rett retning.

Byggesaker kan ta si tid- såleis også med denne det hende: Frå atten hundre og femtisju brev vert fram og attende sende mellom formannskap, stiftet og departement til sekstande november atten seksti, då alt er kome i lovleg stand og motgangstid er til ende.

Kampen har mest stått om sakrestri, no sokna sitt ynske har vunne. Ei soknestove til presterom departementet godkjenna kunne.

Midtvinters , ulagleg byggjetid, men Hermundsdalsmannen heldt ord. For grunnmur til kyrkja han hadde gått god. Då våren var inne, fint oppmurd han stod.

No byggenemnda i båt tok seg fram. Frå Hosong dei byggmeister henta. Nils Mjos var den rette og dugande mann, på han dei no kunne venta. Den sjuande mai, atten sekstiein byggjekontrakten vart skriven. Og arbeidet starta, no draum var blitt sann. Kyrkjeplanen vart sett ut i livet !

Venting ved saksang var utnytta bra, for bønder med skog hadde jobba. Materialaler fint oppstapla, turka og klar. Optimistar er ikkje å stogga. No tolvtimarsdagen vart nytta heilt ut seks dagar i veka, det hjalla om nut. Og ljomen av stikksag og øksing var stor- Konsetnummer gildt under fjell ved fjord !

Med iver og trott - bygging gjekk raskt. Bispen meldinga fekk – hus var klargjort. Kyrkjelyden såg gjerne at vigsling kom snart. Hausten nærma seg, dag måtte bli avgjort.

I bispebrevet kom klar beskjed, at tjuande oktober skulle vigslinga skje. Gleda var stor, draum var blitt sann : Ny kyrkje på Stamnes- av fint øksa plank som den siste i Nordhordland.

Vigslingsdag fager – sokeskrivar fortel- kyrkjebåtar mot Hedlo stemnde. Folkemend stor på Haarahaugen ved inngangen saman seg trengde. Alle kom inn i den ljose sal, soknefolk først – og langvegfarande, stort tal. Gamle klokker kima i det nye tårn kvite vegger skein mot glade sokneborn.

Slik Stamnesbygda har kyrkjesege frå drakestil til moderne tid. Vår kvite kyrkje med rette liner står stolt på haugen så lys og skin.

Ho var mi kyrkje i barndom- ungdom og mange minne ifrå ho eg har. Som lita jente eg sat i benken og var til kyrkje med mor og far-

I barnleg undring, ei stor oppleving alt ifrå klokker til orgelbrus. Men størst av alt var visst altarbildet så stort og uttrykksfullt i vårt hus !

Det er av Jesus og syndarina. Eg har det med meg den dag i dag. Dei milde augo til Nasarearen så kjærleiksfylte, han synd tilgav.

I stor respekt og med djuptfølt glede, stor takk til alle som trutt bar fram. Det kristningsverket me fekk i gåve: Den glade bodskapen til vårt land.

Stor takk til alle som stod i spissen. Stor takk til alle som stilte bak. I stilla arbeidde mange kvinner, gav gilde gåver, i forbøn var.

Og Grundtvig seier i kyrkjesimalen at gudshus bygd er av levand`stein. For kvar og ein skal gå ut i livet og vera god frukt på bogna grein.

Vår von er no om ei ny god framtid. At kristenarven vil bera frukt. At kyrkjelivet vert rikt velsigna i dette huset som her vart bygt .

Ingebjørg Grøsvik Dale

Jubileumskonsert laurdag 22. oktober

Laurdag 22. oktober var det jubileumskonsert i Stamnes kyrkje med Sunniva Gammersvik- fløyte, Sindre Sortland – gitar, Frode Vik – piano/orgel og Hege Eide Vik – song. Alle desse fire er profesjonelle musikarar med lokal tilknytning: Sunniva Gammersvik og Frode Vik er frå Stamnes. Hege Eide Vik er frå Eidsland. Sindre Sortland underviser i Vaksdal kulturskule på gitar. I tillegg har han medverka

på fleire kulturskuleprosjekt ma på Stamnes skule.

Dei over 100 tilhøyrarane fekk oppleve eit variert og fint samansett program i Stamnes kyrkje denne torsdagen med alt frå klassisk musikk og salmar til Abba, brasiliansk musikk og tango frå Argentina.

Sunniva Gammersvik.

Foto: Magne Solhaug



Eit jubielumsminne i høve Stamnes kyrkje sitt 150-årsjubileum

Klart for kyrkjejubileum, les vi om i dag i VP, og i Kyrkjebladet for Vaksdal. Og dei inviterer til jubileumsfeiring. I tanken dreg eg 75 år attende. Det skulde vera 75-års jubileum på Stamnes.

På Vaksdal hadde dei eit songkor som dei kalla Blandakoret. Dei song ofte i Indremisjonen sine møter og tilstelningar, og dei var inviterte til å vera med å syngja ved jubileumsgudstenesta. Kvifor var eg, og bror min Odd, med? Vi hadde ei tante Olivia som var med der. Ho stelte i huset hos oss medan mor var i Bergen for å få ein ny baby til familien. Eg var tolv og eit halvt år, og bror min elleve år, og då far vår var skiftarbeidar, tok ho oss med på øvingane til koret og/eller på møte i Bedehuset der dei prøvesong.

Bror min sovna fort, medan eg studerte alle som var der. No kunne ho fortelja at vi skulle få vera med til Stamnes. Vi kunne songane. Vi møtte på kaien og gjekk om bord i båten som vi skulle reisa med. Ingen veg den gongen. Frå og til den indre delen av kommunen var det båt dei reiste med.

Så var dei klare til å øva: ”Kom til den hvitmalte kirke, kom til Guds fredfylte hus,” og så var det omkvedet: ”o O kom, kom, kom!” Bror min og eg

la ikkje skjul på at vi syntes det var moro. Så la vi endeleg til kai i Stamnes, og vi sprang oppover bakkanen medan vi song: ”——O-O-kom.” Vi fekk streng beskjed om at vi måtte vera stille som mus i kyrkja, og ikkje noko kom-kom frå oss. Vi hadde vore til Bruvik med han bestefar og visste kordan det skulle vera. Vi hadde ikkje noko kyrkje på Vaksdal før i 1933.

Så tok gudstenesta slutt. Eg kan ikkje hugsa noko som var sagt, men vi syntes det var fint når Blandakoret song. Alle prestane og dei som var innbedne til jubileet, skulle no spise middag ein eller annan stad. Vi andre sette oss rundt omkring og spiste maten vi hadde med oss. Tante Olivia hadde stekt masse kjøttkaker som vi fekk til skjevane våre. Og vi kosa oss i det fine høstveret.

No trekte folk tilbake til kyrkja for det skulle vera nok ei gudsteneste. Men klokka gjekk, og her kom ingen prestar. Rundt på benkane sat folk og venta. Nokon hadde litt å fortelja. Middagen var ikkje ferdig då dei kom og skulle eta. Dei hadde sett potetene for seint på. I benkane tok folk til å snorka, og til sist vart det eit

snorkekor.

Plutselig gjekk døra opp, og sokneprest Møllerup kom og med lange steg, med kappe og krage, vandra han fram og tilbake oppe i koren medan han bladde fram og tilbake i Salmeboka og song: ”O, du min Emanuel.” Så hugsa han ikkje meir, og han tok til att og song: ”O, du min Emanuel”. Ei eller anna barmhjertig sjel hjalp han vidare- ”Jesus, hvilken himmel glede.” Så kom resten av middagsgjestene, og det vart stille.

Så song Blandakoret. Det vart preika, men det kan eg ikkje hugsa. Bror min meiner det var ”Jåbekken” som fekk oss trygt heim til Vaksdal. Då eg mange år seinare tenestegjorde i banken på Stamnes, fant eg eit festskrift til dette 75-års jubileet skrevet av sokneprest Nils Brekke. På framsida står det: ”Soga um Stamneskyrkja.”

Til minet høyrer det med at vi fekk ein baby den dagen – Turid kom til verda 20/10-1936.

**Helsing frå
Anna (Annemor) Urhaug,
f. Gundersen**

Saman for Guds andlet

Den norske kyrkja innfører ny gudstenestereform 1. søndag i advent 2011. Dette er ei storhending i kyrkja. Den forige reforma vart innført i 1977. Mange hugsar endringa frå den gong, men mange hugsar det ikkje. Nye generasjonar er fødte, og med det følgjer nye tider. Det var ungdommar i 2003 som ynskte å gjere ting i gudstenesta som dei ikkje fann høve til slik ho har vore fram til no. At det skulle verte ein så stor reform var ikkje deira intensjon. Likevel valde kyrkjemøtet å gå inn for denne reforma. Siste del av reforma, det vil seie frå 2009, har eg fått vore med å utforme. Det har vore eit krevjande, men samstundes spennande og interessant arbeid.

Kva inneheld reforma?

Gudsteneste er Gud sitt møte med oss menneske. Gud tener oss med Ord og Sakrament som tyder Bibelen, og dåp og nattverd. Slik har det alltid vore og vil framleis vere. Me ærar Gud attende i vår lov-song, tilbeding og bøn. I denne nye gudstenesteordninga er det eit endå større fokus på at dette ikkje er noko ein gjer aleine. Me er saman om å feire gudsteneste, difor overskrifta "Saman for Guds andlet". Viktige ord om korleis dette kan skje er stadeigengjering, involvering og fleksibilitet.

Stadeigengjering tyder at kvar kyrkjelyd skal gjere lokale val i gudstenesteinnhaldet tilpassa kyrkjelyden. Dermed vert gudstenesta

meir tilpassa den lokale staden der ho vert feira.

Involvering tyder at det i større grad vert kyrkjelyden sjølv som utfører ting i gudstenesta og vert på denne måten meir aktive.

Fleksibilitet tyder at ein har større høve til å gjere variasjonar når det gjeld gudstenester og i høve dei to føregåande punkta.

Alt skjer innanfor rammene gjevne av kyrkjemøtet.

Kva vil dette seie i praksis?

Sokneråd og andre arbeidrarar lyt gjera eit arbeid med å sette seg inn i dei vedtekne rammene. Vidare må ein utforme gudstenester slik ein ynskjer å ha det her lokalt. Og sidan, ja då er det å utfordre kvar og ein til å ta til seg gudstenestene,

vere med og prege dei etter som ein finn sin plass i dei.

Kvar skjer 1. søndag i advent?

Frå denne dato vert den nye tekstboka teken i bruk. Den har tekstar som er basert på den nye bibleutgåva som kom i oktober i år.

Frå denne dato skal kyrkjelydane innan eit år ha utforma lokal gudstenesteordning og søke om godkjenning for denne. Det er biskopen som godkjenner lokal ordning for gudstenesta.

Vona er at dette vil engasjere og gje eigarskap til gudstenestene.

Tone S. Ø. Steinkopf

Om musikkval i gravferder – nokre tankar frå kyrkjemusikarane

Midt i sorga, og eventuelt sjokket etter at nokon er død, skal det ordnast gravferd. Og det er viktig at musikken i gravferda er god. Den skal vere til å kvile i, den skal hjelpe menneska til å kjenne på sorga, og den skal vise til ei trøyst som er større enn den menneske kan gje.

Når ein vel gravferd etter ordninga for Den norske kyrkje, har ein med det fått ei ramme for seremonien. I ein slik seremoni er levande musikk best eigna. Musikk framført der og då er tilstade på ein heilt eigen måte. Den eller dei som framfører musikken eller songen er tilstade med heile seg og levandegjer innhaldet. Me strekker oss langt for å imøtekomme ynskjer, og arbeidar for å få til best moglege framføringar av songen og musikken i gravferder.

Olav Arne og Tone S. Ø. Steinkopf

VELKOMMEN PÅ

Adventskonsertar

I KYRKJENE

Vaksdal kyrkje søndag 4. desember kl 18.00

På denne konserten framfører Kordial og Kilden i lag "Five Christmas Carols" arrangert av David Willcocks for kor og strykeorkester. Akkompagnert av Turnforeningens strykeorkester. Det vert òg innslag ved Vaksdal musikklag allsong og adventstankar.

Stamnes kyrkje laurdag 10. desember kl 16.00

Her medverkar Blanke messingen og Stamnes barnekor, der òg dei eldste vil ha eige innslag. Og det vert adventstankar.

Dale kyrkje søndag 11. desember kl 18.00

Dale musikkforening vil vere tilstade og prege konserten saman med Korskulen i Vaksdal og det vert adventstankar. Kanskje vert det eit element av jazz i denne konserten?

VI SYNG JULA INN

Eksingedalen kyrkje søndag 11. desember kl 11.00

Medverkande: Elevar frå kulturskulen, Mari Odland Trefall - fiolin, Asbjørn Nese - orgel.

Konfirmantjubiläum



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 2. oktober, konfirmert i gamle Dale kyrkje 7. oktober 1951

1. rekke frå venstre: Aud Angeltveit, Astrid Dale, Eva Guldberg, Liv Dysvik. 2. rekke, f v: Inga Birkeland, Solveig Bøe, Marit Erdal, Else Margrethe Mortensen. 3. rekke f v: Manfred Marx, Reidar Helle, Paul Fotland og sokneprest Frode Kvamsøe

Foto: Roy Steinsland



50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 2. oktober, konfirmert i Dale kyrkje 24. september 1961

1. rekke frå venstre: Elin Hvidsten Lien, Liv Kirsten Kvammen, Marit Engelsen, Ingvild Johnsen. 2. rekke, f v: Harald Fadnes, Torunn Hvidsten, Ragnhild Rønohvde Sellevold, Inger Elise Toskedal, Johanne Skjoldli. 3. rekke f v: Magnar Gjermo, Anders Teigen, Svein Aksel Sellevold, Arild Berge, Torbjørn Dale, Reidar Berge og sokneprest Frode Kvamsøe

Foto: Roy Steinsland

Nye sokneråd



Dale sokneråd 2011-2015. Framme frå venstre: Eldbjørg Helle (nestleiar), Sissel Karin Sandvik Dale (skrivar), Evelyn Tvedt (1. varamedlem), Eli Kringlebotten (leiar) Bak frå venstre: Einar Magne Straume, Fred Bjørnberg, Roy Steinsland (kasserar og repr. i fellesrådet), Frode Kvamsøe, (geisteleg repr).



Nesheim sokneråd 2011-2015. Frå venstre: Asbjørn Nese (kasserar), Oddvar Fosse (skrivar), Frøydis Gullbrå (leiar), Haldis Bjøtveit Øvstedal (nestleiar og repr i fellesrådet), Magnar Nese (1. varamedlem). Frode Kvamsøe er geisteleg repr.



Bergsdalen sokneråd 2011-2015. Framme frå venstre: Anne Hilde Fosse Osvold (skrivar og repr i fellesrådet), Ragna Lid (leiar). Bak frå venstre: Edvard Martin Kleven (kasserar), Kari Mona Hernes (nestleiar), Frode Kvamsøe (geisteleg repr). Asbjørn Berge er 1. varamedlem

Julefestar i bedehusa

Stamnes

Onsdag 28. desember kl. 17. Julefest for heile familien. Arr: Indremisjonen og soknerådet

Dale

Torsdag 29. desember kl. 17. Julefest for små og store. Andakt ved Leiv Nesheim.

Arr: Indremisjonen, Ving, søndagsskulen og soknerådet

Vaksdal

Laurdag 7. januar kl. 16. Julefest for små og store. Arr: Soknerådet

Stanghelle

Sundag 8. januar kl. 17. Julefest for små og store. Andakt ved Reidun Skurtveit

Arr: Indremisjonen, søndagsskulen og barnelaget

Juleverkstad på Vaksdal 3. desember

Vaksdal kyrkjelyd trår til med juleverkstad på ny. Det vert som vanleg på Vaksdal bedehus på laurdag 3. desember kl. 11-14. Korskulen i Vaksdal syng, og det vert andakt ved Frode Kvamsøe.

Opplegget vert som vanleg med at det er ulike bord i salen med ulike ting ein kan lage til jul, og det ein lagar får ein ta med seg heim. Det kostar ikkje noko. Her er det soknerådet som spanderer. Ei lita matøkt vert det og, så ein skal sleppa å gå svoltne. Det har vorte ein skikkeleg god adventstradisjon dette, og her er det ikkje nokon aldersgrense for å kome. Det som ein lagar skal kunne passe for alle, og om ein er litt usikker så vil det vere nokon ved bordet som viser og hjelper. Hjarteleg velkomen til små og store!

Minnegudsteneste på nyårsaftan

Stamnes kyrkje kl 16

Gudstenesta er felles for kyrkjelydane i kommunen, der me spesielt inviterer pårørende til alle som har mist nokon av sin kjære det siste året. Men gudstenesta er open for alle som syrgjer over nokon dei har mist.

Utdeling av

NYTESTAMENTE

i kyrkjene i Vaksdal

Dale kyrkje: Sundag 5. februar kl. 11.00.
 Stamnes kyrkje: Sundag 4. mars kl. 11.00
 Vaksdal kyrkje: Sundag 11. mars kl. 11.00
 Eidsland kapell: Sundag 18. mars kl. 11.00
 Nesheim kyrkje: Palmesundag kl. 11.00
 Nytestamentet vert delt ut til årets 11-åringar

Økonomien til kyrkja i Vaksdal

Den nære fortida, og den usikre framtida

Det er femten år sidan den nye kyrkjelova tok til å gjelde. Kyrkjelova slo fast at frå 1. januar 1997 skulle kyrkja og sokneråda sin økonomi skiljast ut frå kommunen. Det skulle opprettast ein lokal kyrkjeadministrasjon, som skulle verte ei ny offentleg verksemd. Sokna var, og er, grunneining i Den norske kyrkja. Der det var fleire sokn i kommunen, skulle eit kyrkjeleg fellesråd ha eig e ansvar for drifta av kyrkjene, lønene til dei tilsette, og administrasjon av gravplassane. Tre paragrafar i kyrkjelova vart sentrale. Paragrafane 9, 14, og 15.

Kyrkjelova §9 omhandlar oppgåvene til sokneråda, og rettar seg mot arbeidet i kyrkjelyden. Soknerådet er det viktigaste rådet i kyrkja.

Kyrkjelova §14 tek for seg ansvaret til kyrkjeleg fellesråd, der, drift og vedlikehald av kyrkjer samt arbeidsgjevaransvaret for kyrkjeleg tilsette er hovudområda.

Kyrkjelova § 15 slår fast at kommunen har ansvaret for å løyve midlar til drifta, etter fellesrådet sitt budsjettframlegg. Det vart naturleg nok litt kranjel om kor bindande denne paragrafen var for kommunane, og i januar 2002 sende regjeringa ut eit rundskriv: V5-2002 "Kirken og kommunen – en veiledning". Rundskrivet omtalte problemstillinga grundig, så eg har valt å attgje eit par av avsnitta i original språkdrakt:

Generelt

Kirkeloven § 15 anviser områder som kommunen har et forpliktende utgiftsansvar for. Forvaltningen og disponeringen av de kommunale bevilgningene er lagt som en oppgave til det kirkelige fellesrådet i kommunen, jf. kirkeloven § 14 som omhandler fellesrådets ansvar og oppgaver. Etter kirkelovens ikrafttredelse i 1997 ble det både fra kirkelig og kommunalt hold reist spørsmål om forståelsen og rekkevidden av kommunenes utgiftsforpliktelser etter § 15. I rundskriv F-24-99 av 2. mars 1999, jf. ovenfor, heter det om dette:

"Kirkeloven stadfester prinsippet om at kommunen har et økonomiske ansvaret for den lokale kirke, slik ordningen har vært i vårt land siden kommunenes opprinnelse. I respekt for det kommunale selvstyret og i tilfelle til at den enkelte kommune også i dag ser verdien av å gi gode rammevilkår for kirkens liv og virke, er det ikke gitt mer detaljerte regler om kommunenes økonomiske plikter i forhold til Den norske kirke enn det som framgår av selve loven.

Drift og vedlikehold av kirker og kirkegårder, og lønn til nødvendige, lovbestemte stillinger i kirker, er blant de utgiftsområder som kommunene fra tidligere har hatt ansvar for. Den nye kirkeloven har ikke endret dette. Forståelsen av kommunenes økonomiske ansvar etter kirkeloven § 15 må derfor bygge på den forutsetning at de kommunale bevilgninger til kirken fortsatt gir grunnlag for tilfredsstillende drift og ved-

likehold av våre kirker og kirkegårder og for utgiftsdekningen i kirkelige stillinger. Budsjetttrammen til disse formål vil imidlertid være gjenstand for ordinære kommunale prioriteringer innenfor lovens rammer."

Her vert det slått fast at kommunen har ansvar for kyrkjeøkonomien, og at kommunen prioritere dette sjølv. Difor er det opp til våre kommunale politikarar å avgjere storleiken på kyrkjebudsjettet.

Kyrkjelova §15, siste ledd, gjev høve til kommunestyret å setje seg godt inn i kyrkja sin situasjon, anten det gjeld budsjett på det jamne, eller andre forhold. :

"Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet"

Dette er ikkje det same som å vere tilhøyrar mellom tilhøyrarane, men å få høve til å presentere årsbudsjettet for kyrkja, til kommunestyrerepresentantane, i kommunestyremøtet. Så langt er me ikkje komne enno, her i Vaksdal, trass i nær 15 forsøk.

Litt historikk, sett frå kyrkjevjerja si side:

Mykje har endra seg på 15 år.

Våre kyrkjepolitikarar, det vil seie fellesrådet, har frå 1997 til i dag gått med på mange ulike reduksjonar i den kyrkjelege aktiviteten for å kome i møte innstrammingsane i løyvingane til kyrkja. Her er eit lite utval:

50 færre gudstenester årleg.

Det årlege gudstenestetallet er redusert frå 140 til 90 gudstenester. Med dette grepet har talet på oppvarmingsperiodar for kyrkjene, og timeløna til kyrkjetenarar/klokkarar, vorte redusert tilsvarande. Å varme opp ei kyrkje til gudsteneste kostar frå nokre få hundrelappar til om lag tre tusen kroner, alt etter årstid og kyrkje. Dette er i tillegg til grunnvarmen me alltid må ha. Lønsutgifter er ein liten tusenlapp for kvar gudsteneste.

Kyrkjemusikarstillingar redusert med 0,7 årsverk

Me har redusert kyrkjemusikarstillingane frå 2,2 til 1,7 årsverk, og reduserer vidare ned til 1,5 årsverk frå nyttår når Asbjørn Nese sluttar. Det betyr større belastning på dei attverande musikanerane..

Fleire reduserte stillingar

Me har redusert talet på klokkarar/kyrkjetenarar frå 11 faste til 7. Rett nok har me auka sekretærstillinga frå 0,4 til 0,5 årsverk, og ein kort periode var den oppe i 0,7, men no er den på 0,5.

Mindre til det årlege vedlikehaldet av kyrkjene

I 1988, til dømes, var vedlikehaldsposten til kyrkjene over 100 000,-. I fjor og i år er den stroken, om ein ser bort frå eit par målingspann til Stamnes kyrkje. Diverre har vedlikehaldsutgiftene og den planlagte underskotsdekninga frå tidlegare vorte

strokne, eller sterkt reduserte, før åra har vore omme.

Manglar nødlis og ledelys i kyrkjene

Me har i fleire år søkt om midlar til installasjon av nødlis som viser utgangane, samt ledelys som skal lysa opp veggen mot dørene ved straumbrot. Dei fleste meiner nok dei vil kunne finne døra, men om røyken er tett nok, er det uråd utan slike installasjonar. Dette offentlege pålegget har me ikkje fått utført enno.

Noko har me hatt å gleda oss over.

Me søkte i om midlar til tiltak for å spare straum, ENØK-tiltak. Det vart løyvt nok midlar til ein ordentleg gjennomgang av dei elektriske anlegga i kyrkjene i 1999, og opprusting av nokre av dei eldste anlegga. Dette har spart oss for ein god del straumutgifter, samstundes som branntryggleiken har vorte betra.

Alle kyrkjene har lydanlegg med teleslynge. Nokre av kyrkjene hadde lydanlegg tidleg, dei siste fekk dette i 1999.

Ved innføringa av mva-refusjonsordninga i 2004 fekk fellesrådet behalde refusjonen, i staden for tilbakeføring av denne til kommunen. Dette kom godt med, sjølv om innkjøp ikkje er den største posten i budsjettet. (jamfør vedlikehald)

Ordninga med kommunale reinhaldarar og "kalkulatoriske utgifter" fungerer godt for vår del. Så får me heller ta sølvpussen på dugnad.

Kalkulatoriske utgifter er ei berekning som vert gjort på verdien av tenestene som kommunen gjer for kyrkja, utanom overføringar av pengar, og denne verdien vert ført opp i rekneskapan til både kommunen og kyrkja.

Statistikk

Det er alltid kjekt med statistikk. Her er statistikken over utgiftene på gravplassane frå 2002 til 2010, klipt frå årsmeldinga 2010. Det gjeld utgifter til kyrkjegardsdrifta som kommunen alltid har utført. Einaste skilnaden siste tida er at dei frå 2010 har hatt ansvaret for slått på Stamnes gravplass. Dette kom i tillegg til slåtten på Dale, Stanghelle og Vaksdal gravplassar. Talet på graver er teke med for å vise variasjonen. Kostnadene for gravene varierer etter kvar dei er, frå "sommar på Dale" til "vinter på Nesheim". Det siste kan føre til snøfresing av 1,5 m snø, eller tining av tele, i tillegg til lang reisetid.

Oversyn over utgifter ,

2010 = 651 282,-	39 graver
2009 = 569 488,-	49 graver
2008 = 616 406,-	70 graver
2007 = 496 176,-	64 graver
2006 = 492 178,-	54 graver
2005 = 366 598,-	49 graver

2004 = 468 639,-	58 graver
2003 = 412 537,-	59 graver
2002 = 386 590,-	63 graver

Her viser det stor variasjon i kostnadene til gravplassane, med ei følgjer det har hatt for resten av eit knapt kyrkjebudsjett.

I desse utgiftene ligg dei same tenestene som teknisk etat i dag har i tenesteytingsavtalen.

Me foreslo å trekkje ut kr 700 000,- av overføringane til kyrkja, for å la teknisk stasjon utføre dette som tenesteyting. Når kommunen no har trekt ut 800 000,- frå kyrkjeoverføringane til dette føremålet, reknar eg med at dei klarer seg godt. Dei har i alle fall fått fortent ros for arbeidet i summa

Framover

Rådmannen sitt framlegg til løyving til kyrkjeleg fellestråd for 2012 er på kr 2 880 000,-

Eg har sett litt på konsekvensane dersom dette vert det endelige resultatet. Dette beløpet, saman med festeavgiftene, (som ikkje er knytte opp mot konkrete utlegg slik dei andre postane på inntektsida er), vert stipulert til 3 010 000,-.

Med andre ord: samla inntekt 2012 kan verte 3 010 000,-

Våre forventa utgifter for 2012, som er lagt inn i budsjettframlegget vårt for 2012 er:

Løner, pensjon og sosiale utgifter	2 436 035,-
Straumforbruk	315 000,-
Kommunale avgifter og andre slike	95 000,-
Forsikring av kyrkjene	89 000,-
Rekneskapsføring og revisjon	60 000,-
Sum	2 995 035,-
Rest	14 965,-

Dersom kyrkja ikkje får auka løyvinga frå kommunen, vil det være att om lag kr 15 000,- som må dekkje vedlikehaldet av kyrkjene, kjøregodtgjersler, innkjøp av kontorrekvisita, telefonutgifter, porto, brøyting, konfirmantundervisning, orgelettersyn, altarvin, osv.

Eg er uviss på korleis me skal løyse denne utfordringa, utan å måtte leggje ned ein del av aktiviteten vår. Håpar at me i samarbeid med kommunen kan komme fram til ei løysing til å leva med.

**Kyrkjeverje
Svein Tøsse**

I ei gudsteneste tidlegare denne månaden kom eg til forkjært å lyfte eit av dåpsborna.

Eg seier meg lei for det. For at ingen skal bli urolege for at noko slikt skal skje att, har me prestane funne ut at for ettertida vil ingen av oss foreta løft av dåpsborn i samband med ei gudsteneste.

Helsing Edvard Bø, sokneprest




Kristin Audestad.

Diktbok frå Vaksdal

Kristin Straume Audestad bur i Flordalen på Vaksdal, saman med mann og to born. I desse dagar kjem det ut ei bok med dikt ho har laga.

- Utgangspunktet for boka er dikta eg har skrive på bloggen min, der eg sidan januar har skrive om lag eit dikt for dagen. Eg byrja å skriva for å utvikla meg som skribent, vera kreativ, og få utløp for tankar. Så fekk eg lesarar som sa at dikta traff dei, og fekk fram både latter og tårer. Nokon etterlyste bok. Så mest "på gøy", og for å få litt tilbakemelding, sende eg inn manus til nokon forlag i mai og juni. Eit av dei var bokforlaget Publica, som likte dikta og ville trykkja boka. Boka har fått dame namnet som bloggen, Dikt for dagen.

Kristin legg vekt på å bruka ord og bilete som folk skjønar. - Noko av det som opptek meg i sjølve skriveprosessen, og som fleire av dikta handlar om, er korleis me menneske er med kvarandre, seier ho. - Eg er oppteken av at me skal snakka med kvarandre, ta kontakt med medmenneske, og våga å fortelja korleis me eigentleg har det inni oss. Mange kan gå rundt og ha det vondt, men ikkje våga å snakka om det. Boka inneheld også muntre dikt frå kvardagen som travel husmor, som fleire har



kjend seg igjen i. Og ho inneheld dikt om det å mista nokon kjære. Om sorgprosessen og tida etterpå.

Boka kostar kr 198,-. Ho har nett kome frå forlaget, men vert nok ikkje å sjå hjå dei store bokhandlarane. - Det er tre kritiske moment som gjer at boka sannsynlegvis ikkje hamnar der, og det er at det er ei diktsamling, på nynorsk, og ei debutantbok. Alle dei nemnde faktorane er med på å gjera at bokhandlarar er redd for å ta den inn, fordi boka sannsynlegvis kjem til å selja dårleg, trur Kristin. - Men forlaget jobbar med å finne utsalsstader lokalt, og i tillegg kan ein kjøpa boka via forlaget si heimeside.

Blogg: www.diktfordagen.com
Forlag: www.publicabok.no






BLÅ JULEGAVER

TIL VENNER OG FAMILIE GJØR EN STOR FORSKJELL

www.blagaver.no

BIBEL | 2011

Bibelen i ny oversettelse



- ♦ Nærmere kildetekstene
- ♦ Nærmere de bibelske bildene
- ♦ I et nytt og levende språk

BIBEL 2011 finnes både på bokmål og nynorsk. Innbundet kr 298,-.
Fås også som gavebibel i skinn og kunstskinn.

BIBELSELSKAPET

Adventtkonsert i Modalen

Bergen Mannskor

dir. Belinda Lerøy
piano: Anton Hagen

Bryggjeslottet

søndag 27. november
kl. 19.00

Billett kr. 200,-
Tilsals hjå kulturkontoret
og ved inngangen

Dale bedehus

Møter med Eirik Furnes

generalsekretær i

Indremisjonsforbundet

Torsdag	1. des. kl. 19.00
Fredag	2. des. kl. 11.00
Laurdag	3. des. kl. 19.00
Søndag	4. des. kl. 11.00

CD med BjerkrheimJazz på Vossajazz Årets julegave?

Søndag 17. april 2011 vart BjerkrheimJazz framført på Vossajazzen. BjerkrheimJazz er musikk komponert og arrangert av Olav Arne Steinkopf til tekst av Trygve Bjerkrheim.


I samband med desse to konsertane i "Nain" vart det gjort opptak. No kjem resultatet ut på CD. Opptak og miksing er av Morten Skage ved Studio 5071 i Bergen. Mastering og trykking er det Lydmuren i Oslo som tek seg av. Målet er at CD-en skal vere klar 1. desember. CD-ane kostar kr 150,- og vert selt privat via korsongarane og mest sannsynleg via Cantando

musikkforlag sine nettsider. Dei som ynskjer det kan òg få tak i CD-en på kyrkjekontoret for Vaksdal.

Notane til dette verket har no kome ut på Cantando forlag. På coveret til CD-en nyttar ein den same illustrasjonen som følgjer notane.

På CD-en medverkar Kilden, prosjektkor frå Samnanger, VOK (Voss og omland kantori) og Korall.

Musikarar og solistar er: Frøydis Grorud - Saksofon/fløyte (Kjend frå "Beat for Beat"), Jan Olav Renvåg - kontrabass, Jan Inge Nilsen - trommer,



Coveret på CD-en til BjerkrheimJazz.

Olav Arne Steinkopf - tanger, Ole Strøm - song og Marilen Jørgensen Vågen - song. Dirigent er Tone Synnøve Øygard Steinkopf.



i Dale kyrkje

Laurdag 10. desember kl. 18.00

Musikk for strykarar, treblåsarar og messingblåsarar

Lars-Erik LARSSON:

"Förklädd Gud"

lyrisk suite for solistar, kor og orkester, opus 24 (1940).

Tekst: Hjalmar Gullberg

Medverkande:

Hege Eide Vik (sopran)

Alf Tore Hommedal (baryton)

Bengt Arvidsson (resitasjon)

Voss og omland kantori (VOK). Korinnstudering: Magnus Kløften

Dirigent: Dagfinn Rohde

Billettar: Vaksne kr 200 / skuleelevar og pensjonistar kr 170 / born under 15 år gratis

O Helga Natt

Dale Mannskor

Marianne Juvik Sæbø

Musikalsk leiar: Lars Ragnvaldsen

Dale kyrkje Laurdag 3. desember kl. 19.00

Entré: Kr. 200.-/born u/12 år gratis!

HEIMESIDE: WWW.DALEMANNSKOR.NO



Nyttårskonserter søndag 15. januar 2012

«Med song for ei betre verd» er Norges korforbund Hordalands motto.

Korforbundet har siden stiftelsen i 1989 årlig arrangert veldedighetskonserter til inntekt for folk som trenger hjelp.

Søndag 15. januar 2012 synger mange av våre medlemskor i 12 kirker i Bergen og omegn, blant de også i Dale kirke. Konserterne starter kl. 18.

Denne gangen vil innsamlingen gå til gatemagasinet Megefon.

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

30.10.2011

Magnus Karlsen Dale

Vaksdal

16.10.2011

Mia Hvidsten

16.10.2011

Jonas Ulveseth Herfindal

06.11.2011

Mathias Andres Gapo Solheim

06.11.2011

Isak Kvam Hisdal



VIGDE

Bergsdalen

05.11.2011

Marianne Nysæther Domaas og Are Næss



DØDE

Dale

26.09.2011

Martin I Øvsthus

f. 1919

26.10.2011

Gunnar Herfindal

f. 1932

31.10.2011

Sønneva Malena Fotland

f. 1920

Vaksdal

26.09.2011

Perly Borgny Hernes

f. 1916 (gravlagd Evanger)

19.10.2011

Ove Johan Stokkereit

f. 1930

30.10.2011


Reidar Tolås

f. 1937

03.11.2011

Karl Johan Jensen

f. 1926



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 5. februar

SÅMANNSSUNDAGEN Mark. 4,26-34

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd. Årsmøte.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Frode

Kvamsøe. Lys vaken-helg. Utdeling av Nytestamente.

Sundag 12. februar

KRISTI FORKLÅRINGS DAG Mark. 9,2-13

Ingen gudstenester i Vaksdal

Sundag 19. februar

FASTELAVNSSUNDAG Joh. 12,20-33

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd.

Sundag 26. februar

1. SUNDAG I FASTETIDA Matt. 16,21-23

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 4. mars

2. SUNDAG I FASTETIDA Luk. 7,36-50

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe. Utdeling av NT.

Sundag 11. mars

3. SUNDAG I FASTETIDA Mark. 9,17-29

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø. Utdeling av NT.

Sundag 18. mars

4. SUNDAG I FASTE Joh. 3,11-16

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø. Utdeling av NT.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi. Årsmøte

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 27. november

1. SUNDAG I ADVENT Luk. 4,16-22a
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Utdeling av 4 og 6årsbok. Offer til Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Utdeling av 4årsbok. Stamnes barnekor deltek. Offer til ny kalk til Eidsland kapell.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Dåp. Offer til HimalPartner.
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Kirkens Bymisjon.

Sundag 4. desember

2. SUNDAG I ADVENTSTIDA Luk. 21,27-36
BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe. Utdeling av 4årsbok. Offer til IKO Kirkelig pedagogisk senter.
EIDSLAND KAPELL kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø. Utdeling av 4årsbok. Offer til Ny kalk til Eidsland kapell.

Sundag 11. desember

3. SUNDAG I ADVENTSTIDA Luk. 3,7-18
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Vi syng jula inn. Edvard Bø. Offer til Kyrkjemusikalsk arbeid.

Sundag 18. desember

4. SUNDAG I ADVENTSTIDA Luk. 1,39-45
Ingen gudstenester i Vaksdal.

Laurdag 24. desember

JULAFTAN Luk. 2,1-20
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe Offer til HimalPartner.
STAMNES KYRKJE kl. 13.30. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Frelsesarmeen.
DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe Offer til kyrkjelydsarbeidet.
EIDSLAND KAPELL kl. 16.15. Vi syng jula inn

Sundag 25. desember

JULEDAG Joh. 1,1-14
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste. Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det

Norske Misjonsselskap.

Måndag 26. desember

JULEDAG Joh. 1,1-14
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Laurdag 31. desember

NYÅRSAFTAN Joh. 14,27
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste for heile kommunen. Frode Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Frode Kvamsøe.

Sundag 1. januar

NYÅRSDAG Matt. 1,20b-21
Ingen gudstenester i Vaksdal

Sundag 8. januar

KRISTI OPENBERRINGS DAG Luk. 2,40-52
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 15. januar

2. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA Mark. 1,3-11
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 22. januar

3. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA Joh. 4,4-26
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Årsmøte

Sundag 29. januar

4. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA Joh. 9,17.35b-38
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Tårnagent-helg.

Sjå feire gudstenester side 19.